



SKISKULE FOR BARN 6-10 ÅR (1. – 4. klasse)

På onsdagar i januar/februar 2023 vil Harpefossen Skiskule tilby skileik og slalåmtrening for nybyrjarar og vidarekomne barn i alderen 6-10 år. Det stillast ikkje krav til spesielt skiutstyr, men i skisenteret er det påbod om bruk av hjelm for alle barn. Vi har eit utval av ski til utleige i skitulleiga. Hjelm kan lånast gratis.

Vi har frammetstad ved Varmestova fyrste dag for registrering og utdeling av startnummer. Skiskulen vil halde til i skileikområdet, med bruk av Tautrekket og Enerskiheisen. NB! Dersom veret og tilhøva elles tillet det, vil vi vere på Furuhogane med grilling i bakken siste skuledagen.

Målsettinga med skiskulen er å gje barna skiglede ved å meistre grunnleggjande alpin skiteknikk i et sosialt godt miljø, og ikkje minst å lære seg å bruke heisen i skileikområdet. Vidare vil det øvast på portkøyring, hopp og "kuleløype". Det blir lagt vekt på å tilrettelegge for læring innanfor ei ramme av leik og lyst.

Sjølv om onsdagen ikkje er heilt skulefri så håpar vi at foreldre og barn likevel vil setje av tid til skiskulen. Vi startar opp klokka 13.00 og held på til ca kl 15.30, med ein pause undervegs. Det vil vere open kafe med ein enkel meny.

Transport til og frå Harpefossen må foreldra organisere. Vi vil vere tilstade i området frem til kl. 16.00, slik at henting kan skje frem til da, men vil sjølvstøtt vere tilstades til alle er blitt henta. Vi ønskjer også dei av foreldra som kan vere tilstade på skiskulen hjertelig velkomne, spesielt dei foreldra som har barn som er nybegynnarar.

Kursdagar:

| | | |
|--------|------------|---|
| Onsdag | 11.01.2023 | Registrering i varmetova frå kl. 12.00. Mål – klare å bruke heisen i skileikområdet (nybyrjarar) – plogsving, svingteknikk og portkøyring (vidarekomne) |
| Onsdag | 18.01.2023 | Mål – stå på ski ned bakken på eiga hand (nybegynnarar), svingteknikk og løypekøyring (vidarekomne) |
| Onsdag | 25.01.2023 | Mål – meistre plogsving (nybegynnarar) løypekøyring, kular og hopp |
| Onsdag | 01.02.2023 | Mål – boltre seg i bakken, med kular, hopp og løyper |
| Onsdag | 08.02.2023 | Mål – avsluttande skiskule, løypekøyning – grilling i bakken |

For å vere førebudd på antalet deltakarar vil vi gjerne ha påmelding på førehand til:
Harpefossen Skiskule, tlf 41 33 57 86 (Jarle) e-post: post@harpefossen.no

Skulepengar kr. 1 000,- (inkl. heis og grillmat siste skuledag) betalast kontant ved fram møte, på nettbank til konto nr 3705 10 65426, eller Vipps nr 133 901 Harpefossen Skisenter (merk innbetalinga med namn på skiskuledeltakar).

Med vennlig helsing
Harpefossen Skiskule

Registreringsskjema **må** fyllast ut på førehand og leverast i Varmestova ved fram møte.

Navn på deltakar: _____ Alder: _____

Adresse: _____ Telefon føresette: _____

Navn mamma/pappa: _____

E-post adresse: _____

Betaling kontant: _____ Nettbank: _____ Vipps _____